



26.juni - 7.juli 2017

Tilbod i Bergen, Askøy, Knarvik og Stord

Sommarskolen er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Røde kors. I år vil sommarskolen bli arrangert i tida frå måndag 26. juni til fredag 7. juli, alle dagar frå kl. 9-14. Frukost frå kl. 8.30 kvar dag.

Vi tilbyr i år følgjande kurs:

1. Matematikk med eksamen - for elevar i yrkesretta opplæring:

Tilbod i Bergen, Knarvik, Askøy og Stord. For elevar med 1 i standpunkt eller til eksamen frå vg1, og til lærlingar som manglar godkjend eksamen i matematikk MAT 1001 PY frå vg1. Elevar som har «Ikkje vurdert» (IV) i faget, må ta eksamen som privatist på vanleg måte i haust, men kan følgje undervisninga ved sommarskolen for å vere betre førebudd til eksamen.

2. Matematikk utan eksamen - for elevar i studiespesialiserte opplæring:

Tilbod i Bergen, Knarvik og Askøy. Du kan ikkje ta eksamen i matematikk for studiespesialiserte ved sommarskolen, men vil gjennom kurset bli betre rusta i faget og få betre mattekunnskapar.

3. Norsk i Bergen og Knarvik - for elevar med kort butid i landet:

Kurset eignar seg for minoritetsspråklege elevar med kort butid i landet, og blir arrangert i Bergen. Dette er eit tilbod for dei som går i vidaregåande offentlege skular, eller som skal starte i vidaregåande skule hausten 2017.

4. Engelsk på Stord - for elevar med kort butid i landet:

Kurset eignar seg for minoritetsspråklege elevar med kort butid i landet som har lite opplæring i engelsk frå grunnskulen, og blir arrangert i

Fakta om sommarskolen:

- Sommarskolen er gratis!
- Tilbod berre til elevar i offentleg vidaregåande opplæring, og til lærlingar i Hordaland.
- Eksamen i yrkesretta matematikk vert arrangert siste kursdag den fredag 7.juli.
- Du får frukost og lønsj kvar dag.
- Lærarar frå Hordaland fylkeskommune vil vere ansvarlege for undervisninga, med støtte frå friviljuge frå Røde Kors.
- Du kan berre velje eit kurs

Meir informasjon og påmelding: www.hordaland.no/sommarskolen. Påmelding er open frå 3.april.

